

RETNINGSLINJER FOR REGULERING AV STØY FRÅ HØGTALARAR / MUSIKKANLEGG I SELJORD KOMMUNE

Vedteke av kommunestyret i sak nr; xx / 2019

Gjeld frå: september 2019 Utkast pr 19.6.19

1) Formål

Formålet med retningslinjene er for å regulere støy som kan føre til helseskade frå utandørs og innandørs underhaldning og frå mobile og berbare lyd kjelder.

Slik støy vert kalla for helsefarleg støy.

Formålet er også å sikre innbyggjarane og tilreisande mot helseskadeleg støy.

2) Definisjonar

2.1. *Med helseskadeleg støy* meiner ein støy som kan føre til:

a) Fysiologiske forstyrringar, for eksempel alvorlege og gjentekne søvnforstyrringar.

b) Psykiske forstyrringar, for eksempel øydelagd konsentrasjon, arbeidssituasjon eller øydelagd trivsel i kvileperiodar.

c) Organskade, for eksempel tap av høyrsel eller andre somatiske lidningar.

2.2. *Med utandørs og innandørs underhaldning/arrangement* meiner ein støy frå

radio/forsterkaranlegg/høgtalarar som vert nytta i samband med konsertar, diskotek, uterestaurantar, dansearrangement, idrettstilstellingar m.m.

Generell (bakgrunns-) musikk for å markere opningstider, profilering eller for å skape atmosfære reknast ikkje som underhaldning/ arrangement.

Konsert er levende framføring av musikk framfor eit publikum, enten einskild-opptreden eller i ein rekkje.

Arrangement kan være ein førestilling/konsert /festival/stort møte/idrettsstemne eller liknande.

2.3. *Med utandørs stasjonære, mobile og berbare lyd kjelder* meiner ein støy frå radio/

forsterkaranlegg/høgtalarar andre støyande innretningar utandørs utanfor bygningar, i bilar eller berbare einingar. Dette være seg i samband med t.d. ved uteservering (telt).

2.4 *Med bygning med støyfølsam bruk* meiner ein bustader, skular, barnehagar,

helseinstitusjonar, fritidsbustader, kyrkjer og andre bygg med religiøs karakter,

forsamlingslokale, kontorlokale eller annan bygning med tilsvarande bruksføremål.

3) Støy frå utandørs underhaldning (konsertar og andre arrangement med stor lydproduksjon) generelt.

3.1 Bustadområde og sentrum – generelt.

Konsertar og andre arrangement med stor lydproduksjon må normalt avsluttast i rimeleg tid og seinast kl. 0100.

Det er tillate med inntil 3 konsertar og 3 arrangement (på inntil 4 dagar) pr. konsertsted pr. år. Lydnivået under konsertane/arrangementa må haldast på eit forsvarleg nivå for helsa til publikum og omgjevnadene, og nivået må ikkje overskride følgande lydnivå utanfor omkringliggende bustader og andre bygningar med støyfølsam bruk*:

- * Det vert målt 0,5 m utanfor ope vindauge ved bustadfasade.

Dag	kl. 0700 – 1900	$L_{p,A \text{ eq}}$ ** -	≤ 80 dB
Kveld	kl. 1900 – 2300	$L_{p,A \text{ eq}}$ ** -	≤ 75 dB
Natt	kl. 2300 – 0700	$L_{p,A \text{ max}}$ ***	≤ 55 dB ”fast”
**	$L_{pA, \text{ eq}}$	er gjennomsnittleg (ekvivalent) A-vege lydnivå over ein halv time.	
***	$L_{pA, \text{ max}}$	er dei høgaste vanlege A-vege støytoppene i måleperioden (ikkje gjennomsnitt over tid). Berre aktuelt dersom det vert gjeve dispensasjon.	

3.2 Dyrskuplassen

Konsertar og andre arrangement med stor lydproduksjon må avsluttast i rimeleg tid og seinast kl. 01.00 (endeleg lydslutt kl 01.15).

Lydnivået under konsertane/arrangementa må haldast på eit forsvarleg nivå for helsa til publikum og omgjevnadene, og nivået må ikkje overskride lydnivå under, utanfor omkring liggande bustader og andre bygningar med støyfølsam bruk.

Dag	kl. 0700 – 1900	$L_{p,A \text{ eq}}$ ** -	≤ 80 dB
Kveld	kl. 1900 – 0100	$L_{p,A \text{ eq}}$ ** -	≤ 75 dB
**	$L_{pA, \text{ eq}}$	er gjennomsnittleg (ekvivalent) A-vege lydnivå over ein halv time.	
***	$L_{pA, \text{ max}}$	er dei høgaste vanlege A-vege støytoppene i måleperioden (ikkje gjennomsnitt over tid). Berre aktuelt dersom det vert gjeve dispensasjon frå pkt. 3.1.	

3.3 Informasjon

Arrangøren av konserter/arrangement skal i god tid (minimum 2 veker) før arrangementet informere aktuelle naboar som det kan få konsekvensar for, om følgande:

- Dato for arrangementet
- Start- og sluttidspunkt for musikken (inkludert lydprøver).
- Type arrangement.

4) Støy frå innandørs underhaldning/arrangement

- 4.1 Støy for aktuelle naboar frå innandørs arrangement (for eksempel frå musikkanlegg eller levande musikk) vert behandla som tekniske installasjonar – dvs lydkrava i teknisk forskrift (byggeforskriftene) til støy i bustader frå tekniske installasjonar i **næringsverksemd** (jf. NS 8175 tabell 4) vert gjort gjeldande:

$L_{p,A \text{ max}} \leq 27$ dB ”fast” *
$L_{p,C \text{ max}} \leq 47$ dB ”fast” *
$L_{p,A \text{ eq}} \leq 25$ dB*
*Desse støygrensene gjeld innandørs uansett døgnperiode. Dersom lyden inneheld reine tonar, som musikk ofte gjer, er den meir plagsam, og i NS 8175 er det då høve til å legge til 5 dB til A-vege nivå før det vert samanlikna med grenseverdier. Dette vert målt innandørs hos aktuelle naboar og med attlatne vindauge og open lufteventil.

5). Akseptable lydtilhøve for publikum

5.1 Nasjonalt folkehelseinstitutt har gitt ein allmenn miljøhygienisk standard for støy i samband med underhaldning. Under følger tilrådd høgaste grense for støybelastning som ein kan akseptere utan at det oppstår fare for helseskade for større grupper av befolkninga.

Grenseverdiane for ekvivalent (gjennomsnittleg) støybelastning er skjønsmessig tilpassa ein typisk konsertsituasjon, dvs. ein forholdsvis kort periode.

Verdiar for allmenn miljøhygienisk standard for underhaldning:

	Ekvivalent lydnivå over 3 timar	Maksimalt lydnivå
Innandørs og utandørs i lokale og publikums-område for konsertar, sirkus, oppvisningar etc.	$L_{p,A \text{ eq } 3h} - \leq 95$ dB*	$L_{p,A \text{ max}} - \leq 110$ dB* "fast" $L_{p,C \text{ max}} - \leq 130$ dB* "peak" * Vert målt på område og i lokale der publikum oppheld seg.

6). Støy frå utandørs stasjonære, mobile og berbare lyd kjelder

6.1 Stasjonære, mobile og berbare høgtalarar må ikkje brukas utandørs i bustadfelt mellom kl. 20.00 – 07.00, på sun- og heilagdagane og på offentlege høgtidsdagane, dersom lyden frå høgtalarane framkallar helseskadeleg støy.

6.2 På offentlege rekreasjonsområde, badeplassar og liknande må utstyr for avspeling av lyd brukast på ein slik måte at det ikkje fører til helseskadeleg støy.

6.3. Støy innandørs i bygning med støyfølsamt bruk frå utandørs stasjonære, mobile og berbare lyd kjelder (støy frå radio/forsterkaranlegg/høgtalarar utanfor bygningar, i bilar eller berbare einingar) vert behandla som tekniske installasjonar – dvs lydkrava i teknisk forskrift (byggeforskriftene) til støy i bustader frå tekniske - **installasjonar i næringsverksemd** (jfr NS 8175 tabell 4) vert gjort gjeldande (som i pkt. 4).

$$L_{p,A \text{ max}} \leq 27 \text{ dB "fast" *}$$

$$L_{p,C \text{ max}} \leq 47 \text{ dB "fast" *}$$

$$L_{p,A \text{ eq}} \leq 25 \text{ dB**}$$

Desse støygrensene gjeld innandørs uansett døgnperiode. Dersom lyden inneheld reine tonar, som musikk ofte gjer, er den meir plagsam, og i NS8175 er det då høve til å legge til 5 dB til A-vege nivå før det vert samanlikna med grenseverdiar. Det vert målt innandørs i aktuelle bygningar og med attlatne vindaug og open lufteventil.

7). Støy frå permanente eller provisoriske campingplassar

Støy frå gjester på campingplassar må regulerast som frå privat bustad (pkt. 6).

På provisoriske campingplassar i samanheng med arrangement på Dyrskuplassen vert vertskapet oppmoda om å setje klare reglar for gjestene sin bruk av lydutstyr.

Reglar som middels høg musikk fram til kl 01.00 og ro etter dette, og at ordensvaktene får fullmakt (av arrangør) til å handheve dette strengt, med fullmakter til å beslaglegge utstyr og eventuell bortvise personar.

8). Lovheimlar, sanksjonar / klager

- 8.1 Dersom retningslinjene ikkje vert haldne, kan kommunen krevje at forholdet vert retta. Kommunen kan gjere dette med heimel i *Forskrift om miljøretta helsevern kap. 3*, eller politiet kan gjere det med heimel i *Forskrift om politivedtekt, Seljord kommune, Telemark*. Politiet kan også, med heimel i politilova §7, stanse forstyrringa der og då. Eventuelle rettevedtak kan igjen klagast på etter reglane i dei respektive lover/ forskrifter.
- 8.2 Ansvar og internkontroll
Den ansvarlege for ei verksemd eller ein eigedom skal sørge for at det vert innført og praktisert internkontroll for å sjå til at krava i *Forskrift om miljørettet helsevern, kapittel 3* følgd. Internkontrollen skal tilpassast type verksemd, aktivitetar, risikoforhold og storleik i det omfang som er nødvendig for å følgje krava i forskrifta.

9). Dispensasjon

- 9.1 Det er høve til å søkje Seljord kommune om dispensasjon frå pkt. 3 (3.1 – 3.3) i retningslinjene. Det må gå fram av søknaden kva for punkt det vert søkt om dispensasjon frå, og det må vere grunngjeve om kvifor ein ynskjer dispensasjon.
- 9.2 Søknad om dispensasjon vert behandla administrativt og skal sendast til Seljord kommune, minimum innan ein -1- månad før arrangementsdato.

Referansar:

IS0327 Veileder for Musikkanlegg og helse av 2011

Forskrift om miljørettet helsevern

Kommunehelsetjenesteloven